



Innst. S. nr. 83

(2007-2008)

Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

St.prp. nr. 15 (2007-2008) kap. 2426, 5326 og 5613

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Nærings- og handelsdepartementet

Til Stortinget

1. SAMMENDRAG

1.1 Kap. 2426 SIVA SF

Post 90 Lån, overslagsløyving

SIVA SF har ei innlånsramme i statskassa på 700 mill. kroner, og har innanfor denne ramma tatt opp nyt lån og refinansiert fleire lån enn det som vart lagt til grunn i St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Nærings- og handelsdepartementet legg derfor fram forslag om å auke løyvinga med 60 mill. kroner, frå 300 til 360 mill. kroner.

1.2 Kap. 5326 SIVA SF

Post 70 Låne- og garantiprovisjonar

Posten må endrast som følgje av ny låneavtale av 19. april 2007 mellom Nærings- og handelsdepartementet og SIVA SF. Endringa inneber at både låneprovisjon og garantiprovisjon innbetalast etterskotsvis, dvs. at garantiprovisjon som før vart innbetalst i desember same år, no skal innbetalast i februar året etter.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om at løyvinga blir redusert med 4,2 mill. kroner, frå 7 til 2,8 mill. kroner.

Post 90 Avdrag på uteståande fordringar

Posten omfattar avdrag på lån til SIVA SF frå statskassa. Det visest til omtale under kap. 2426 post 90

ovanfor. I høve til vedtatt budsjett for 2007 har SIVA SF tatt opp ytterlegare lån på 180 mill. kroner, med forfall hausten 2007.

Nærings- og handelsdepartementet legg på dette grunnlaget fram forslag om å auke løyvinga med 180 mill. kroner, frå 300 til 480 mill. kroner.

1.3 Kap. 5613 Renter frå SIVA SF

Post 80 Renter

Som følgje av faktiske renteinnbetalingar er det grunnlag for å justere renteinntektsløyvinga. Dei faktiske rentene blir høgare enn det som låg til grunn for løyvinga.

På dette grunnlaget legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag om at renteinntektene blir auka med 14,7 mill. kroner, frå 39,7 til 54,4 mill. kroner.

2. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Tore Hagebakken, Saera Khan, Inger Løite, Tom Strømstad Olsen og Arild Stokkan-Grande, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Åge Starheim og Ib Thomsen, fra Høyre, Kari Lise Holmberg og Bent Høie, fra Sosialistisk Venstreparti, Rolf Reikvam, fra Kristelig Folkeparti, Bjørg Tørresdal, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Venstre, Vera Lysklætt, har ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortingen til å gjøre følgende

v e d t a k :

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|----------|------|---|--------------------|
| Utgifter | | | |
| 2426 | | SIVA SF | |
| | 90 | Lån, overslagsløving, blir auka med frå kr 300 000 000 til kr 360 000 000 | <u>60 000 000</u> |
| 5326 | | SIVA SF | |
| | 70 | Låne- og garantiprovisjonar, blir redusert med frå kr 7 000 000 til kr 2 800 000 | <u>4 200 000</u> |
| | 90 | Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med frå kr 300 000 000 til kr 480 000 000 | <u>180 000 000</u> |
| 5613 | | Renter frå SIVA SF | |
| | 80 | Renter, blir auka med frå 39 700 000 til kr 54 400 000 | <u>14 700 000</u> |

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 6. desember 2007

Tore Hagebakken
leder og ordfører